



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/61211-2

Dykkar referanse:  
20/53 - 22/2586

Vår dato:  
01.02.2022

### Uttale til avgrensa høyring – Mindre planendring etter forenkla prosess jf. Pbl. § 12–14. Kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. PlanID 1256 2016 0002

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 11.01.2022. Saka gjeld avgrensa høyring av mindre planendring etter forenkla prosess. Planendringa gjeld detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, PlanID 1256 2016 0002. Bakgrunnen for planendringa er innkommen klage på nemnde reguleringsplan. Frist for uttale er sett til 04.02.2022.

#### Saksopplysningar

Klagar har meint at ei utbygging av vedteken reguleringsplan vil påverke næringa på gnr. 1 bnr. 250 negativt. Trafikk gjennom denne eigedomen vil ta beslag på parkeringsareal som er tilknytt næringa, samt gjere lasting og lossing med større lastebilar vanskeleg.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Uttale


Planområdet ligg heilt sør på Flatøy i krysset mellom E39 og fv.564. Reguleringsplanen for området er utarbeidd av Statens vegvesen og godkjend i 2019. Planen skildrar byggetrinn 1 og byggetrinn 2. Statens vegvesen er ansvarleg for utbygging av byggetrinn 1, med oppstart av anleggsfase i august 2022. Utbetring på g/s-veg/fylkesveg i trinn 1 som ligg nord for rundkøyringa vert ikkje tatt med i samband med dette arbeidet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Område markert med raud ring syner området planendringa gjeld. Anleggsområde i byggetrinn 1 er vist med blå ring. Det er ikkje overlapp mellom området som syner framlegg til planendring og Statens vegvesen sitt anleggsområde.

Statens vegvesen har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å kunne vurdere om kommunen sitt framlegg til endra løysing vil vere utfordrande å gjennomføre reint anleggsteknisk.

Geometriteikningar med skråningsutslag for justert løysing følgjer ikkje med saka på høyring som ein del av plangrunnlaget. Det er difor vanskeleg å få eit inntrykk av korleis terrenget er utforma og å sjå om den nye køyrevegen og framtidig g/s-veg lar seg etablere så tett på kvarandre ved bygging som planframlegget viser. Det ser ut til å vere noko høgdeforskjellar her, dette vil til dømes kunne krevje etablering av mur.

Arealet avsett mellom desse vegane her verkar etter Statens vegvesen si vurdering noko knapt. Sjå planutsnitt under med rosa markering. Det er naudsynt å ha tilstrekkeleg med arealformålet O\_SVG for å kunne etablere det framtidige vegsystemet.



Utsnitt frå framlegg til planendring

Moglegheit for gjennomføring og eventuelle konsekvensar knytt til etablering av regulert løysning bør derfor avklarast med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune før sluttbehandling i kommunen.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER